

Lars Løkke Rasmussen drøfta EUs framtid med Europaparlamentet

29. november 2018

- *Den danske statsministeren vil styrke EU-samarbeidet om migrasjon, klima, den indre marknaden og frihandel og tok også til orde for kjøpekraftsjustert barnetrygd og kamp mot sosial dumping.*
- *Debatten i Europaparlamentet var prega av snarlege val i Danmark og EU. Mange danske medlemmer deltok i debatten.*
- *Mange rosa Danmark for å ha klart å kombinere vekst og ansvarleg budsjettpolitikk med ein sterk velferdsstat*
- *Danmark var kritisert mellom anna for migrasjonspolitikken og motstand mot europeiske skatteinitiativ.*
- *Ved opninga av plenumssesjonen [annonserte parlamentspresident Tajani](#) at danske styresmakter hadde bedt om at immuniteten til Jørn Dohrmann skulle bli heva i samband med ein straffesak. Spørsmålet vart oversendt til rettskomiteen for vurdering. Dohrmann leiar EPs delegasjon for tilhøvet til Noreg og EØS.*

Den danske statsministeren, *Lars Løkke Rasmussen*, deltok denne veka i ein diskusjon med Europaparlamentet om Europas framtid. Det var relativ få medlemmer tilstade og mange av dei som hadde ordet var danske.

Rasmussen refererte på starten nokre typiske utsegner frå danske EU-skeptikarar. Medan EU for den eldre generasjonen har hatt legitimitet som eit fredsprosjekt, er dette ikkje noko ein generasjon som berre har opplevd fred identifiserer seg like sterkt med. Det er derfor viktig å kommunisere kva EU har fått til og betyr. Likevel, sjølv om danskane kan bli oppfatta som motvillig europearar (jf. nei til Maastricht og unntak frå euroen og på justis- og innanriksområdet) er samstundes oppslutninga om EU-medlemskap nå blant dei høgaste i EU. Dette skuldast ikkje minst at den indre marknaden er viktig for dansk økonomi. Samstundes skuldast det truleg at Danmark har klart å kombinere vekst med ein velutvikla velferdsstat. Han trakk fram fire område der styrka EU-samarbeid er viktig. Dette omfattar migrasjon, klima, den indre marknaden, ikkje minst den digitale indre marknaden, og frihandel og behovet for ein regelbasert verdsorden. Mellom anna viste han til behovet for å hindre ulovleg migrasjon og styrka samarbeid med Afrika. Han viste også til dei gode resultatane Danmark har oppnådd i høve til å byggje ut grøn energi og ambisiøse mål for lavutsleppsbilar. Streng reguleringa på miljøområdet bidrar også til nytenking og innovasjon. Han viste til at det er nokre delar av EU-samarbeidet som er vanskeleg å forklare. Her nemnde han spesielt motstanden i EU mot det danske ynskjet om å kjøpekraftjuster barnetrygd og også tilfelle av sosiale dumping der sjåførar frå tredjeland har svært dårlege vilkår medan dei arbeider i Danmark.

Visepresident i Europakommisjonen, *Valdis Dombrovskis* som har ansvar for euroen og sosial dialog, starta sitt innlegg med å kommentere tilhøvet mellom Russland og Ukraina etter hendingane i Azsovhavet. Han sa dette er ein uakseptabel oppførsel frå russisk side. Russland må frigjere skipa frå arresten og sikre at mannskapet får medisinsk behandling.

Dombrovskis rosa deretter Danmark for å ha klart å kombinere vekst med ein god sosial modell. Han viste også til at landet har ført ein ansvarleg pengepolitikk og demonstrert at det

ikkje treng gå ut over velferda. Han snakka deretter generelt om behovet for å vidareutvikle den indre marknaden, for å styrke eurosamarbeidet, fullføre bankunionen og kapitalmarknadsunionen. Det er viktig å få eit raskt vedtak av EUs langtidsbudsjet og viste til at Kommisjonen i sitt budsjettframlegg har teke til orde for å styrke område mellom anna forskning og innovasjon som Danmark er opptatt av.

I debatten var sentrumsgruppene (EPP, S&D og ALDE) i hovudsak var positive til den EU-venlege tonen i innlegget og samde i behovet for å styrke den indre marknaden. S&D kritiserte likevel den danske regjeringa for å motarbeide viktige initiativ på EU-nivå i kampen mot negativ skattekonkurranse, digital skatt og kampen mot økonomisk kriminalitet. Den understreka også at det er viktig med ein sterke sosial modell for heile EU. Samstundes vart det peikt på at for landa i Aust-Europa ser problemstillingane knytt til sosial dumping annleis ut enn dei gjer i Danmark. S&D sa også at på migrasjonsområdet er Danmark meir pragmatiske enn humanistiske. EPP viste til manglande innsats for å redusere energiforbruket frå bygningar. Den konservative gruppa (ECR) kritiserte den danske regjeringa for å vere positive til ein europeisk hær og for ikkje ha gjort nok for å få gjennomslag i arbeidet mot velferdsturisme og regulering av barnetrygd.

ALDE viste til at ein EU-hær handlar om å bruke felles ressursar betre og meir effektivt i EU. EU-landas samla forsvarsbudsjett er tre gonger så høgt som Russlands, men EUs forsvarsevne er neppe tre gonger så høg. ALDE sa også at EU-debatten ofte handlar om det skal ha meir eller mindre EU-samarbeid. Det er ein feil inngang til debatten som i staden burde handle om korleis EU-samarbeidet skal bli betre.

Den grøne gruppa rosa også Danmarks vellykka miljø- og klimapolitikk, men viste til eit svært høgt CO₂-avtrykk for danske hushald. Dei grøne kritiserte også den restriktive lina Danmark har lagt seg på i migrasjonspolitikken. Ytre venstre gruppa (GUE/NGL) spurte kvifor Rasmussen er så skeptisk til folkeavrøystingar. Det er naturleg å spørje folket om deira synspunkt til dømes dersom det er aktuelt utvide EU-samarbeidet.

Frå ytre høgre vart Danmark rosa for å ha unngått å gå med i delar av EU-samarbeidet og for å ha unngått dei feila Sverige har gjort på migrasjonsområdet. Det vart vist til at den geografiske avstanden til Malmø som vart omtalt som Skandinavias Molenbeek, er liten, men skilnadane er store. Over halvparten av Malmøs innbyggjarar er migrantar vart det hevda. Det er eit paradoks at partiet til Rasmussen i Europaparlamentet er med i ALDE som er så migrasjonsvenleg.

I sine to oppfølgingsinnlegg sa Rasmussen at den danske sosiale modellen kanskje kunne vere til inspirasjon for andre land, men at han ikkje var tilhengjar av ein felles europeisk sosial modell. Han viste til at NATO stadig skal vere bærebjelken i europeisk forsvar, men at det er viktig å styrke samarbeidet og effektivisere ressursbruken. Alle som bur og arbeider i Danmark skal ha dei same rettane, men dersom barna blir igjen i eit anna land er det urimeleg at dei skal få same barnetrygd som dei som bur i Danmark. Danmark er for fri rørsle av folk i EU, men mot sosial dumping. Det er viktig med ei heilskapleg tilnærming til migrasjon. Debatten på dette området er ofte prega av at folk ikkje skil mellom økonomiske migrantar, flyktingar og arbeidsmigrantar. Utfordringane knytt til dei tre gruppene er ulike. Rasmussen sa Dublinsystemet må reformerast, men at det er klart dette ikkje kan skje gjennom obligatoriske ordningar for EU-intern relokalisering. I staden må det utviklast andre former for byrdefordeling. Han aviste også auka bruk av folkeavrøystingar og sa det ikkje er eit egna verkøy for å ta stilling til alle endring i EUs politikk. Han avslutta med å seie

at EU-samarbeidet framover må ikkje byggje på draumar, men på reelt samarbeid der det trengs. Det er ikkje noko alternativ til dette samarbeidet.

Kommentar

Debatten følgde eit kjent mønster der gruppene i sentrum er EU-positive, medan andre grupper meir skeptiske til (delar av) EU-samarbeidet. Innlegga var også prega av at det snart er val i Europa og også er venta nyval i Danmark snart. Dei ulike innlegga hadde derfor også preg av valkamp. Venstresida er spesielt opptatt av å etterlyse eit sterkare sosialt Europa, medan partia til høgre er opptatt av migrasjon og kritiske til forsvarssamarbeidet. [Rasmussen var den 13. stats- og regjeringssjefen](#) som deltok i debattar om EUs framtid. I desember kjem turen til den kypriotiske presidenten.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no